

PRISINDEKS FOR MASKINER OG REISKAPAR I JORDBRUKET

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) utarbeidar prisindeksar for gruppene: traktorar, skurtreskarar og andre maskiner og reiskapar, samt ein totalindeks. Prisindeksen er basert på prisoppgåver frå forhandlarane. Indeksane kjem fram av tabellen nedanfor. Indeksane for eit år gjeld frå 1.7 året før til 30.6 i berekningsåret. Til samanlikning er konsumprisindeksen (KPI) tatt med. KPI uttrykker den generelle prisveksten i samfunnet. KPI gjeld i kalenderåret og er dermed ikkje direkte samanliknbar med prisindeksen for maskiner for det enkelte året, men er det sett over tid.

Tabell 1. Prisindeks for maskiner og reiskap og konsumprisindeksen (KPI). 2015 = 100

	Traktorar	Skurtreskere	Andre maskiner og redskaper	Totalindeks	KPI
1994	66,6	60,8	54,6	57,8	65,7
1995	68,3	63,3	56,6	59,7	67,3
1996	70,0	63,8	58,9	61,8	68,2
1997	69,1	63,4	61,1	62,8	69,9
1998	70,0	63,7	62,0	63,7	71,5
1999	68,3	60,2	61,2	62,5	73,2
2000	67,7	60,7	61,1	62,3	75,5
2001	67,7	61,7	62,0	62,9	77,7
2002	67,5	62,4	63,3	63,7	78,7
2003	66,7	62,8	63,9	63,6	80,7
2004	69,4	67,0	68,0	67,0	81
2005	70,2	70,7	72,2	69,7	82,3
2006	71,8	71,1	72,9	70,7	84,2
2007	73,3	73,4	77,8	74,0	84,8
2008	75,8	75,7	80,5	76,5	88
2009	85,1	80,9	88,7	84,9	89,9
2010	84,6	82,9	87,1	83,9	92,1
2011	85,8	84,3	87,0	84,3	93,3
2012	87,2	85,9	89,5	88,3	93,9
2013	88,9	90,3	89,6	89,3	95,9
2014	93,2	94,0	94,0	93,7	97,9
2015	100,0	100,0	100,0	100,0	100
2016	105,6	104,4	103,7	104,5	103,6

Berekna prisendring

For traktorar er det for 2016 rekna med ein gjennomsnittleg prisauke på 5,6 prosent. For skurtreskarar er det berekna ein prisauke som i snitt ligg på 4,4 prosent. Salet av skurtreskarar skjer i større grad sesongvis enn for traktorar. For gruppa andre maskiner, er det i snitt rekna med ein prisauke på 3,7 prosent. Andre maskiner er ein heterogen gruppe av forskjellige maskiner, både importerte og norskproduserte hvor prisendringane viser betydeleg variasjon. Totalt er det for maskiner og reiskapar rekna med ein prisauke på 4,5 prosent.

Prisendringane for dei enkelte grupper av maskiner har i dei seinare åra vært følgjande:

Tabell 2. Prisendringer maskiner og redskaper. Prosent

Gruppe	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Traktorer	1,2	2,2	2,1	3,5	12,2	-0,6	1,4	1,6	2,0	4,9	7,3	5,6
Skurtreskere	5,6	0,5	3,3	3,1	6,9	2,4	1,7	2,0	5,0	4,2	6,4	4,4
Andre maskiner og redskaper	6,1	1,0	6,7	3,4	10,3	-1,8	-0,1	2,8	0,1	5,0	6,3	3,7
Totalt	4,0	1,5	4,6	3,4	11,0	-1,2	0,6	2,2	1,1	4,9	6,8	4,5